



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF-rapport 4/2002

Brukarundersøking av Forvaltningsnettsamarbeidet 2002

Ingjerd Skogseid, Geir Strand og Svein Ølnes

VF Rapport

Tittel Brukarundersøking av Forvaltningsnettsamarbeidet 2002	Rapport nr. 4/2002
	Dato April 2002
	Gradering Open
Prosjekttittel Evaluering av Forvaltningsnettprosjektet	Tal sider 46 + 34
	Prosjektnr. 5214
Forskarar Ingjerd Skogseid, Geir Strand og Svein Ølnes	Prosjektansvarleg Svein Ølnes
Oppdragsgjevar Statskonsult	Emneord Forvaltningsnett- samarbeidet Evaluering Brukarundersøking
Samandrag Vestlandsforskning har gjennomført ei brukarundersøking av Forvaltningsnettsamarbeidet (FNS) på oppdrag frå Statskonsult.	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISBN: 82-428-0215-7	Pris Kr 100,-

Forord

Rapporten samanfatar resultat frå brukarundersøking av Forvaltningsnettsamarbeidet gjennomført i februar og mars 2002.

Arbeidet er utført av forskarane Ingjerd Skogseid, Geir Strand og Svein Ølnes.

Takk til oppdragsgjevar Statskonsult v/Endre Grøtnes for godt samarbeid og til alle som har medverka til resultatata i evalueringsarbeidet gjennom svar på spørjeskjemaet.

Sogndal, april 2002

Ingjerd Skogseid, Geir Strand og Svein Ølnes

Innhald

Forord	3
Innhald	4
Figurliste	5
Tabell-liste	5
Samandrag	6
1. Bakgrunn og mandat	9
2. Metode	10
2.1 Evaluering som metode	10
2.2 Elektronisk spørjeskjema kontra papirskjema	11
2.3 Offisielle e-postadresser	11
2.4 Bruk av FNS – ikkje bruk av FNS og 'veit ikkje' prosent	11
2.5 Feilkjelder	12
Utvassskeivheit	12
Fråfallsskeivheit	13
Responsfeil	14
3. Om Forvaltningsnettsamarbeidet	15
3.1 Kort historikk for FNS	15
3.2 Omsetning over avtalane fram til i dag	15
3.3 Om reglane for offentlege innkjøp	16
3.4 Sentrale og lokale leverandørar	16
4. Andre undersøkingar	17
4.1 FNS evaluering 1999	17
Bruk av FNS	17
Behovsannonsering	17
Bruk av lokale leverandørar	17
4.2 KS sin undersøking om IKT-bruk i kommunane	18
5. Resultat	20
5.1 Svarprosent og utval	20
5.2 Kjennskap til og bruk av FNS	21
Innkjøpsmønster	23
Konkret bruk av FNS-avtalane	24
Behovsannonsering	27
5.3 Lokale leverandørar	28
Endring	29
5.4 Erfaringar med FNS	31
Forslag til konkrete forbetringar av FNS-avtalane	35
Andre forslag	41
6. Oppsummering og tilrådingar	43
Litteratur	45
Vedlegg 1 Spørjeskjema	46
Vedlegg 2 Kommenterar på opne spørsmål	52

Figurliste

Figur 1: Feilmarginar ved ulik svarfordeling (95 % konfidensintervall).....	12
Figur 2: Bruken av FNS i kommunal og statleg sektor, frå Ølnes (2000).....	17
Figur 3: Korleis kommunane i hovudsak føretekk IKT-innkjøp, frå KS (2002).....	18
Figur 4: Grunngevinga for ikkje å bruke FNS, frå KS (2002).....	19
Figur 5: Grunngeving for å bruke FNS, frå KS (2002).....	19
Figur 6: Utviklinga i svarprosent frå undersøkingane i 1997, 1998, 1999 og 2002.	20
Figur 7: Ansvarsområdet til dei som fyller ut skjemaet.....	21
Figur 8: Har du brukt internettsidene til FNS dei siste to åra?.....	22
Figur 9: Kva har du i så fall brukt internettsidene til? (N=dei som har brukt sidene).....	23
Figur 10: Korleis føretekk verksemda i hovudsak IKT-innkjøp?.....	23
Figur 11: Har verksemda di gjennomført kjøp over rammeavtalane i FNS-samarbeidet?.....	24
Figur 12: Kva er hovudårsaka til at verksemda har valt å nytte FNS-avtalane?.....	25
Figur 13: Kor stor del av dei totale IKT-innkjøpa har verksemda gjort over FNS-avtalane dei siste to åra?.....	26
Figur 14: Kva er hovudårsaka til at verksemda ikkje har gjennomført kjøp over FNS-avtalane?.....	27
Figur 15: Har de brukt avtalane i andre samanhengar?.....	27
Figur 16: Er du kjend med opplegget for behovsannonsering i samband med kjøp over rammeavtalane i Forvaltningsnettsamarbeidet?.....	28
Figur 17: Kor stor del av dei totale IKT-innkjøpa har verksemda gjort hjå lokale leverandørar (både lev. innanfor og utanfor FNS-avtalane) dei siste to åra?.....	29
Figur 18: Har IKT-innkjøpsmønsteret i verksemda di endra seg dei to siste åra når det gjeld bruk av lokale leverandørar?.....	29
Figur 19: Dersom endring, kor stor er endringa i bruk av lokale leverandørar?.....	30
Figur 20: Kva er, etter di oppfatning, hovudårsaka til endringa i bruk av lokale leverandørar?.....	31
Figur 21: Kor lett eller vanskeleg har det vore å bruke forvaltningsnettavtalane?.....	32
Figur 22: Kva er dine erfaringar med leverandørar som har avtale med FNS?.....	33
Figur 23: Kva er di totalvurdering av FNS-avtalane?.....	34
Figur 24: Bør FNS-avtalane vidareførast?.....	34

Tabell-liste

Tabell 1: Har du brukt internettsidene til FNS dei to siste åra (N = 463).....	13
Tabell 2: Kor lett eller vanskeleg har det vore å bruke FNS-avtalane? (N = 440).....	13
Tabell 3: Omsetningstal for FNS.....	15
Tabell 4. Svarfordeling etter storleik på kommune (ekskl. fylke).....	20
Tabell 5. Svarfordeling etter storleik på kommune i KS sin undersøking.....	21
Tabell 6: Kor lett eller vanskeleg har det vore å bruke FNS-avtalane?.....	33
Tabell 7: Kva er dine erfaringar med leverandørar som har avtale med FNS?.....	33

Samandrag

Vestlandsforskning fekk i oppdrag av Statskonsult å gjennomføre ei brukarundersøking av Forvaltningsnettsamarbeidet (FNS) første kvartal 2002. Undersøkinga skulle fokusere på synspunkt frå innkjøparar; andre undersøkingar skulle fanga opp leverandør-relaterte problemstillingar og andre moment.

Evalueringa skulle særleg omfatte:

...

- Brukernes erfaringer ved bruk av FNS-avtalene.
- Hvorfor man velger å benytte avtalene. Herunder opplevde gevinster ved bruk av avtalene.
- Hvorfor man eventuelt ikke velger å benytte avtalene.
- Praktiske problemstillinger ved bruk av avtalen.
- Forslag til forbedringer og mulige tiltak for å gjøre avtalene lettere å bruke.
- Tilfredsstiller FNS innkjøpernes behov?

...

I samarbeid med oppdragsgivar vart det valt å gjennomføre undersøkinga utelukkande ved hjelp av eit elektronisk spørjeskjema. Grunnen var kort tidsfrist og difor vart det også lagt stor vekt på å utarbeide eit kort spørjeskjema. Brukarundersøkinga er ein del av ei større FNS-evaluering.

Undersøkinga vart gjennomført i februar og mars 2002 og er den fjerde i rekkja av brukarundersøkingar i FNS-samanheng. Dei tidlegare undersøkingane vart gjennomførte i prosjektperioden til FNS (1997-1999). I tillegg til desse har vi også nytta resultat frå KS si store IKT-undersøking i kommunal sektor ved årsskiftet 2001 - 2002.

Dei viktigaste resultatata frå undersøkinga er:

Svarprosent og samanlikning med KS-undersøkinga

Erfaringa frå denne undersøkinga med bruk av elektroniske media (e-post, vevbasert skjema), få spørsmål og tett oppfølging undervegs er positiv og har gitt oss relativt høg svarprosent. I forhold til KS-undersøkinga i januar 2002 har vi relativt sett fleire svar frå små kommunar. Det kan vere ei forklaring på ulike svar på likelydande spørsmål. På spørsmålet om korleis verksemda i hovudsak føretekk IKT-innkjøp, viser KS-undersøkinga at kjøp over FNS-avtalane er viktigast, medan vår undersøking viser at lokale innkjøp er viktigast. På dei to andre nær likelydande spørsmåla, var resultatata nokså like.

Bruk av FNS-avtalane

Undersøkinga viser at bruken av FNS er på same nivå som i 1999, både omsetningsmessig og i talet på verksemdar. 1999-undersøkinga indikerte vekst i bruken av FNS til 80% av utvalet, men det har ikkje skjedd. Fråfallet av tidlegare FNS-brukarar er lite, men på den andre sida har det heller ikkje kome til mange nye brukarar sidan 1999. Ei forklaring kan vere at aktiviteten rundt FNS er låg samanlikna med det den var i prosjektperioden (fram til 1.1.2000), og at marknadsføringa såleis har vore dårlegare dei to siste åra. Ein del kommentarar og informasjon gjennom oppfølging/purring tyder på at FNS framleis er dårleg kjent blant dei minste verksemdene.

Hovudgrunnen for å nytte FNS-avtalane er gunstigare pris. Andre viktige grunnar er at FNS-avtalane er enkle å bruke og at ein slepp EØS-utlysing. FNS-innkjøpa utgjer mindre enn halvparten av samla IKT-innkjøp for fleirtalet av verksemdene.

Lokale leverandørar

Nedgangen i bruken av lokale leverandørar er forsterka sidan 1999. I undersøkinga for to år sidan meinte 17% at bruken av lokale leverandørar hadde gått ned. I årets undersøking har dette talet stige til 25%. FNS-avtalane får hovudansvaret for dette. Kommentaraner viser at dette er eit tema som opptek mange av respondentane.

Behovsannonsering

Undersøkinga viser at kjennskapen om behovsannonsering har auka, men framleis svarer rundt 1/3 av FNS-brukarane at dei ikkje kjenner til ordninga. Dette talet er høgt sett i forhold til at bruk av behovsannonsering er obligatorisk for alle FNS-kjøp over NOK 200.000. Kommentaraner tyder på ein del mistyding og manglande kunnskap om innkjøpsreglementet generelt.

Erfaringar med bruk av FNS-avtalane

Brukarane er generelt godt nøgde med FNS-avtalane og med leverandørane knytt til ordninga. Men kommentaraner tyder på at mange ønskjer fleire leverandørar knytt til ordninga for å få eit landsdekkande leverandørnett. Ordninga med underleverandørar er med på å sikre dette, men kommentaraner tyder på at dette må kvalitetssikrast betre.

Rundt 2/3 av FNS-brukarane har ikkje erfaring med eller kjennskap til Statskjøp som avtaleforvaltar. Ut frå resultata i undersøkinga kan vi ikkje seie noko sikkert om grunnen til denne store "veit ikkje"-prosenten. Ein muleg grunn kan vere at aktiviteten rundt FNS-avtalane er låg og dermed kjennskapen til avtaleforvaltar liten. Andre grunnar kan vere at brukarane er godt nøgde med avtalane og ikkje treng støtte, eller at FNS-veven i seg sjølv er tilstrekkeleg. Kommentaraner til dette er ikkje eintydige, og dette spørsmålet bør undersøkast nærare.

Forslag til endringar og forbetringar

Kommentaraner til vev-tenesta og vår eiga erfaring med nettsidene viser at det er store rom for forbetringar. Særleg er det dei som sjeldan brukar vev-tenesta som slit med å finne fram. Vi tilrår at det vert gjennomført ein strukturert brukartest for å få eit betre bilete av brukarvennlegheit og å avdekke problem med tenesta.

Brukarane etterlyser betre (enklare) prisoversikt på tvers av leverandørar. Dette kan ein oppnå ved til dømes å innføre eit felles innloggingssystem, eller å utvikle eit felles prisbarometer. Enkelte brukarar etterlyser lengre avtaleperiodar for å kunna byggja opp eit betre leverandør-kundeforhold.

Vidareføring av FNS-avtalane

Eit stort fleirtal meiner at FNS-avtalane bør vidareførast, berre 4% er direkte ueinig i dette. På spørsmål om betaling for bruk av avtalane er mange usikre, og berre 10 % av dei som har gjort seg opp ei mening, er positive til ei betalingsordning. Betalingsviljen synest å vere større i statleg enn i kommunal sektor.

Målgruppa for FNS-avtalane er lite einsarta og brukarane har delvis motstridande interesser. Mange store verksemdar meiner dei kan få betre vilkår på eiga hand, medan mange av dei små verksemdene finn avtaleverket for komplisert og det blir eit hinder for bruk.

Enkelte etterlyser samordning av FNS-avtalane og andre rammeavtalar for offentlege innkjøp. Kommenterarar tyder på at FNS-avtalane møter eit aukande tal konkurrerande rammeavtalar på lokalt og regionalt nivå. Datagrunnlaget gir ikkje klare svar på dette og ei nærare undersøking og kartlegging må eventuelt føretakast for å få meir kunnskap om denne problemstillinga.

1. Bakgrunn og mandat

Vestlandsforskning fekk i oppdrag av Statskonsult å gjennomføre ei brukarundersøking av Forvaltningsnettsamarbeidet (FNS) første kvartal 2002. Undersøkinga skulle fokusere på synspunkt frå innkjøparar; andre undersøkingar skulle fanga opp leverandør-relaterte problemstillingar og andre moment.

Evalueringa skulle særleg omfatte:

...

- Brukernes erfaringer ved bruk av FNS-avtalene.
- Hvorfor man velger å benytte avtalene. Herunder opplevde gevinster ved bruk av avtalene.
- Hvorfor man eventuelt ikke velger å benytte avtalene.
- Praktiske problemstillinger ved bruk av avtalen.
- Forslag til forbedringer og mulige tiltak for å gjøre avtalene lettere å bruke.
- Tilfredsstiller FNS innkjøpernes behov?

...

Sidan det berre var vel to månader til disposisjon og elles også avgrensa ressursar, valde vi i samråd med oppdragsgjevar å gjennomføre undersøkinga som ei spørjeundersøking og utelukkande bruke elektronisk kommunikasjon med målgruppa.

Vi har tidlegare gode erfaringar med denne evalueringsmetoden gjennom liknande undersøkingar i FNS-samanhang. Tilsvarende spørjeundersøkingar har vore gjennomførte av Vestlandsforskning i 1997, 1998 og i 1999 (Ølnes 1998, 1999, 2000).

2. Metode

2.1 Evaluering som metode

Evaluering vil seie at ein

”... *systematisk samlar inn informasjon om aktivitetane til, kjenneteikn ved og resultata av tiltak, personale og produkt for å minska usikkerheit, betra effektiviteten og treffe vedtak om kva desse tiltaka, dette personalet eller desse produkta skal gjere eller verke inn på.*” (Patton 1988)

Ei evaluering kan fortelje noko om i kor stor grad mål er nådd i eit utviklingsprosjekt, og kva som er årsaka til endringar eller mangel på endringar. Eit like viktig utgangspunkt vil vere å gå inn i ein prosess og prøve å forstå kva som skjer, og nytte kunnskap om dette som ein integrert del av planlegginga og gjennomføringa av hovudprosjektet. Evalueringa kan vere tosidig: den kan både seie noko om resultat i høve målsetjingar, og om sjølve utviklingsprosessen og utvikle forståing for kva som skjer og kvifor. Denne type evaluering vart lagt til grunn i evalueringsoppdraget Vestlandsforskning hadde for Forvaltningsnettprosjektet frå 1997 til 1999.

Den delen av evalueringa som omhandlar kva som er resultat i forhold til dei gjevne målsetjingane og kva som førte til resultata, er det innan evalueringforskning vanleg å kalle *summativ* evaluering. Oftast er dette ei etterevaluering, og vanlege problemstillingar ein ønskjer svar på er: Kva er resultata av tiltaka? Samsvarer desse med måla? På kva måte førte resultata til måla? Er effektane knytt til tiltaka? Kva andre faktorar enn tiltaka medverka til resultata? Var tiltaka effektive for å nå måla?

Den andre delen av evalueringa knytt til utviklingsarbeidet og utvikling av forståing undervegs, er ei *formativ* evaluering. Evalueringa skal følgje hovudprosjektet, og data skal brukast for å endra både planlegging og gjennomføring undervegs i hovudprosjektet.

I den første evalueringa av Forvaltningsnettsamarbeidet (1997 – 1999) vart det brukt både ei *summativ* og ei *formativ* evaluering. Metodisk vart det nytta både kvantitative og kvalitative metodar.

Evalueringa som ligg til grunn for denne rapporten, er ei typisk **summativ evaluering** der vi ser på resultat i høve til målsetjingane, her definerte gjennom mandatet for undersøkinga. Det har vidare vorte nytta ein **kvantitativ metode** i form av ei spørjeundersøking basert på eit spørjeskjema (sjå vedlegg 1).

Sidsel Sverdrup (Sverdrup 2002) skisserer fire sentrale evalueringsretningar:

1. den beslutningsorienterte retningen
2. den brukarorienterte retningen
3. den prosessorienterte retningen
4. den målfrie evalueringa

I dette perspektivet har vi hatt ei klart brukarorientert retning på evalueringsarbeidet. Sjølv om kvalitative metodar ligg nærast til denne evalueringsretninga, har vi brukt ein kvantitativ metode. Dersom vi skulle gå nærmare inn på nye problemstillingar som er avdekka i undersøkinga, ville ei kvalitativ tilnærming vere nærliggjande.

2.2 Elektronisk spørjeskjema kontra papirskjema

Spørjeundersøkinga vart gjennomført fullt ut elektronisk ved at respondentane fekk tilsendt e-post med lenke til det vevbaserte spørjeskjemaet. Innbakt i lenka var også dei individuelle passorda for innlogging. Det vart sendt ut ytterlegare to rundar e-post for oppfølging av utvalet; den siste av desse gjekk berre til dei som ikkje hadde svart.

I tillegg til e-postoppfølging har vi brukt telefonpurring og ringt opp samtlege i utvalet som ikkje har svart på undersøkinga. Det har gitt oss ein god del ekstra informasjon om kva grunnar dei ulike verksemdene har hatt for ikkje å svara.

E-postadressene til utvalet vart i stor grad henta frå `norge.no`. Det var nødvendig å følgje opp ein del av desse då dei viste seg å enten vere feil eller ikkje i bruk. Eit fåtal respondentar som ikkje hadde e-postadresse, fekk tilsendt papirversjonen av skjemaet.

2.3 Offisielle e-postadresser

I samband med undersøkinga har vi sett at offentlege verksemdar i stat- og kommunesektoren har ulik praksis i bruk av e-postadresser; både med omsyn til namngjeving og til handtering av slike adresser.

Det vanlegaste er at verksemdene har ei felles e-postadresse av typen

`postmottak@<verksemd>.[kommune.]no`

I staden for postmottak, brukar mange *post* eller *firmapost* eller liknande. Av utvalet på vel 700 verksemdar brukte knapt 2/3 (64 %) denne forma medan resten brukte ei felles e-postadresse med anna namn (t.d. `<verksemd>@<verksemd>.no`)

Det er viktig å bruke innarbeida standardar for namngjeving, enten det gjeld e-postadresser eller vevadresser. Men endå viktigare er det at dei oppgjevne adressene fungerer. Det var overraskande å sjå at den oppgitte postmottak-adressa til ein av våre store fylkeskommunar rett og slett ikkje var sett i drift!

2.4 Bruk av FNS – ikkje bruk av FNS og 'veit ikkje' prosent

Spørjeundersøkinga har vore retta mot alle verksemdar i offentleg sektor, enten dei er, eller har vore, brukarar av FNS eller ikkje. Av dei 13 spørsmåla i skjemaet er spørsmål 1 – 7 generelle og ikkje avhengig av bruk av FNS for å svara, medan spørsmål 8 – 13 er direkte knytt til erfaringar med bruk av FNS.

Resultata viser at ein del respondentar har falle frå under svarprosessen; dei har svart på dei innleiande spørsmåla og så avbrote registreringa undervegs i skjemaet. Totalt er det 58 som ikkje har fullført alle spørsmåla i skjemaet. I presentasjonen av resultata oppgir vi N for kvart spørsmål.

Spørsmål 8 til og med 12 i spørjeskjemaet (sjå vedlegg 1) dreier seg om bruk, erfaring og synspunkt på FNS. Spørsmåla er ikkje knytte til tidlegare spørsmål om bruk av FNS og det er difor ein stor del 'Veit ikkje' svar her. Noko av dette kan forklarast med at vedkommande verksemd ikkje har brukt FNS og difor ikkje har kunna svart på spørsmåla.

2.5 Feilkjelder

Det vil alltid vere feilkjelder og feilmargar knytt til den type kvantitative undersøkingar som er grunnlaget for denne undersøkinga. Ulike skeivheiter som kan påverka resultatane kan vera:


- *utvalsskeivheit*: at utvalet ikkje er identisk med heile populasjonen, enten det gjeld kommunal sektor eller statleg sektor
- *fråfallsskeivheit*: at det ikkje er tilfeldig kven som svarar og kven som ikkje svarar på spørjeundersøkingar
- *responsfeil*: at respondentane svarar feil på spørsmål (og feil ved seinare inntasting av svar)

Utvalsskeivheit

Utvalsskeivheit blir definert utelukkande ut frå tal observasjonar og er slik sett uavhengig av svarprosent (sjå figuren under). Spørjeundersøkinga i kommunal sektor gav 297 svar medan undersøkinga i statleg sektor gav 167 svar; til saman 464. Ut frå dette kan vi rekna ut dei statistiske feilmarginane i materialet til å vere **+/- 2,0 til +/- 4,5 prosentpoeng** ved prosentresultat på høvesvis 5% (95%) og 50% for det samla svarmaterialet (basert på N = 464).

Feilmarginane er vidare **+/- 2,5 til +/- 5,7 prosentpoeng** for kommunal sektor (N = 297) og **+/- 3,3 til +/- 7,6 prosentpoeng** for statleg sektor (N = 167).

Desse feilmarginane er viktige å ha i minnet ved tolking av resultatane i spørjeundersøkinga. Figuren under viser korleis feilmarginane fordeler seg etter fordeling av svaralternativ. Når ein trekker konklusjonar frå utval til populasjon, er usikkerheita størst ved ei jamn fordeling av svaralternativa (resultatprosent på 50) og avtek etter kvart som skilnaden mellom svaralternativa blir større.



Figur 1: Feilmargar ved ulik svarfordeling (95 % konfidensintervall).

For å illustrere usikkerheita grunna utvalsskeivheit kan vi sjå på tabellen under som viser kor mange som har brukt internettsidene til FNS. Med N = 463 vil feilmarginane ved eit 95 %

konfidensintervall vere som synt under for dei ulike svaralternativa. Konfidensintervallet seier i kva område vi med 95 % sikkerheit kan forventa at resultatet ligg.

Tabell 1: Har du brukt internettsidene til FNS dei to siste åra (N = 463)

Svaralternativ	Svarprosent	Feilmargin ved 95 % konfidensintervall	Svarintervall ¹
Ja	72	4,2	[67,8 – 76,2]
Nei	26	4,0	[22,0 – 30,0]
Veit ikkje	2	1,3	[0,7 – 3,3]

Ei anna spørsmålsform er der vi ber mottakarane svara på ein skala frå 1 (svært dårleg, lite viktig) til 5 (svært bra/viktig). Usikkerheit knytt til denne type spørsmål kan illustrerast med tabellen under, som syner vurderingane respondentane gjer av ulike delar av Forvaltningsnettsamarbeidet.

Tabell 2: Kor lett eller vanskeleg har det vore å bruke FNS-avtalane? (N = 440)

Kategori	Gjennomsnittsvurdering 2002	95 % konfidensintervall
a. Oversikt over produkt og tenester	3,29	[3,14 – 3,44]
b. Leverandøroversikt og kva dei leverer	3,36	[3,20 – 3,52]
c. Prisoversikt	2,98	[2,84 – 3,12]
d. Avtaleinnhald (juridiske vilkår o.l.)	3,16	[3,01 – 3,31]
e. Framgangsmåte ved kjøp	3,52	[3,35 – 3,69]
f. Få lagt inn behovsannonse	3,69	[3,52 – 3,86]
g. Gjennomføre eit innkjøp	3,64	[3,47 – 3,81]
h. Få støtte frå avtaleforvaltar (Statskjøp)	3,25	[3,10 – 3,40]

Konfidensintervallet seier i kva område vi med 95 % sikkerheit kan forventa at resultatet ligg. Vi ser av tabellen over at det er grunn til å seia at respondentane klart vurderer prisoversikt som vanskelegare tilgjengeleg enn t.d. oversikt over produkt og tenester (konfidensintervalla overlappar ikkje).

Resultata frå spørsmåla med svaralternativ 1 til 5 viser seg å vera normalfordelte og eit veid gjennomsnitt gir difor eit godt bilete av svara. Tabellane med resultat frå desse svara er difor oppgitt berre med ein gjennomsnittsverdi.

Fråfallsskeivheit

Fråfallsskeivheit har vi registrert gjennom den omfattande purringa til alle verksemdene. I kommunesektoren har vi registrert at det er ei overvekt av dei som ikkje har svart som har lite kjennskap til Forvaltningsnettsamarbeidet eller som ikkje har brukt avtalane. Med andre ord er det ikkje heilt tilfeldig kven som har svart og kven som ikkje har svart.

Ved å gjennomføre ei rein elektronisk undersøking, kan det også hevdast at vi kunne ha fått fråfallsskeivheit i den gruppa som enten ikkje har naudsynt teknologisk plattform eller kompetanse for å svare, eller at dei vegrar seg for å svare elektronisk av andre grunnar. Sidan

¹ Svarintervall tyder her det området svaret med 95 % sikkerheit ligg innafør.

vi har gjort det klart at dei som av ein eller annan grunn ikkje vil svare elektronisk kan få tilsendt papirskjema, meiner vi at vi kan sjå bort frå denne forma for fråfallsskeivheit.

Vi har tal for *fråfallsprosent* (prosent som ikkje har svart), men *fråfallsskeivheit* som skuldast liten kjennskap til FNS, kan vanskeleg talfestast.

Responsfeil

Responsfeil er feil som skuldast at respondentane svarer feil ved at dei vel feil svaralternativ, dei vel fleire alternativ der det berre er tillete eitt eller at dei gjer andre feil i samband med svaret. Responsfeil får vi også dersom det blir registrert feil i samband med inntasting av data frå eit papirskjema.

Sidan denne undersøkinga vart gjennomført elektronisk om med innebygd validering av svaralternativ, meiner vi responsfeila er reduserte til eit absolutt minimum.

3. Om Forvaltningsnettsamarbeidet

3.1 Kort historikk for FNS

Forvaltningsnettprosjektet vart etablert i desember 1996 som eitt av tiltaka i samarbeidet mellom kommunesektoren og staten på IT-området (KOSTIT). Føremålet var å fremje enkel, sikker og kostnadseffektiv elektronisk informasjonsutveksling internt i offentlig sektor, og ut mot andre brukarar (Forvaltningsnettsamarbeidet 1998). Forvaltningsnettprosjektet som prosjekt vart avslutta 31.12.99. Prosjekteigarar var Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD) og Kommunenes Sentralforbund (KS). Forvaltninga av innkjøpsordninga vart vidareført gjennom Statskjøp i Statens forvaltningsteneste frå 1.1.2000.

Prosjektnamnet skifta etter kvart til *Forvaltningsnettsamarbeidet* (FNS), som eit samlenamn for fleire aktivitetar der innkjøpsordninga for stat og kommune har vore den desidert viktigaste. Av andre aktivitetar under FNS kan nemnast ei teneste for måling av nettkvalitet, informasjonsarbeidet rundt internett-tenesta www.fns.dep.no og støtteapparatet generelt for innkjøpsordninga. Rammeavtalane i FNS blir ofte omtala som *forvaltningsnettavtalane*.

Dei første rammeavtalane var klare i oktober 1997 og den første fasen gjekk fram til oktober 1998. Då vart avtaleområda utvida ein god del, mellom anna med viktige avtalar på programvaresida (kontorstøttesystem m.m.). Det førte til ein kraftig omsetningsauke over avtalane.

3.2 Omsetning over avtalane fram til i dag

Som nemnt over fekk FNS ein trang start; først ved at den første anbudsutlysinga måtte trekkast tilbake i februar 1997 etter formelle feil i høve EØS-avtalane, og seinare ved at første fase i realiteten berre hadde ein leverandør² (Telenor). I andre fase (oktober 1998 til juni 2000) skjedde det store endringar med avtaleverket. Mange fleire leverandørar kom med og omsetninga auka kraftig. Ein viktig grunn var at metoden for kontraktsinngåing vart endra frå open anbudsutlysing til kjøp etter forhandling.

Tabell 3: Omsetningstal for FNS

År	Omsetning (mill. NOK)	Fase ³
okt. 1997 – okt. 1998	100 ⁴	1
okt. 1998 – des. 1998	260	2
1999	1 900	2
2000	ca. 2 000 ⁵	2/3
2001	< 2 000	3

² Formelt var det tre leverandørar i første fase (oktober –97 til oktober –98): Telenor, Posten SDS og Electric Farm. Dei to siste var leverandørar berre på avgrensa delar av avtaleområdet.

³ Dei ulike fasane i FNS viser til tidspunkt for nye utlysingar og nye kontraktar. Det har vore litt overlapping og også vidareføring av eksisterande avtaleverk slik at biletet blir noko meir komplisert enn det som er skissert her.

⁴ Omsetningstala til og med 1999 er oppgitt av prosjektleiar for FNS, seniorrådgjevar Svein Sefland, AAD

⁵ Omsetningstal oppgitt av Statskjøp; tala for 2001 er førebels og det ser ut til å bli i underkant av 2 mrd. NOK

3.3 Om reglane for offentlege innkjøp

Offentlege verksemdar må følgje visse reglar ved innkjøp av varer og tenester. Slike innkjøp er regulerte både av nasjonale reglar, EØS-reglar og avtalar gjennom WTO (*World Trade Organisation*). Lovgrunnlaget for offentlege innkjøp finn vi i *Lov om offentlege anskaffelser* av 16. juli 1999. Nytt regelverk vart gjort gjeldande frå 1. juli 2001 og *Forskrift for klassisk sektor* erstatta då dei tre gamle forskriftene om tildeling av kontraktar om offentlege varekjøp, tenestekjøp og byggje- og anleggskontraktar. Den nye forskrifta erstatta også *Regelverk for anskaffelser i staten (REFSA)* og *Normalinstruksen* og andre innkjøpsinstruksar i kommunal sektor (Nærings- og handelsdepartementet 2001).

Innkjøp over ein viss storleik, den såkalla terskelverdien, må lysast ut etter formelle retningslinjer. Terskelverdien for offentlege innkjøp etter EØS-reglane er 200 000 euro, om lag NOK 1,6 mill. Alle slike innkjøp skal lysast ut i TED (*Tenders Electronic Daily*), kunngjerings-systemet i EØS-området. Men for statleg sektor kjem reglar i WTO inn og senkar terskelverdien for offentleg utlysing til NOK 1,1 mill.

Uavhengig av desse terskelverdiane gjeld nasjonale reglar for utlysing av innkjøp. I Norge gjeld at ved offentlege innkjøp over NOK 200 000 (eks. mva.) skal det hentast inn tilbod frå fleire leverandørar. Innkjøp under NOK 200 000 kan gjennomførast som direktekjøp der ein vender seg berre til ein leverandør. Desse reglane påverkar også innkjøp gjennom FNS ved at alle kjøp over NOK 200 000 skal kunngjerast via behovsannonseringa.

Eit hovudmål for FNS-avtalane er å effektivisere arbeidet i samband med utlysingar etter EØS-avtalen slik at offentlege verksemdar skal sleppe å gjere utlysingsarbeidet sjølve og berre kunne gjere avrop av framforhandla avtalar.

3.4 Sentrale og lokale leverandørar

Eit sentralt tema i samband med diskusjonen om bruk av rammeavtalar, er om dette verkar sentraliserande på innkjøpa eller ikkje.


Leverandørane til FNS-avtalane har, etter visse reglar, høve til å knyte til seg underleverandørar. På denne måten kan dei lettare oppfylle ønskje om lokal nærleik til leverandør også for kundar i distrikta.

Spørsmålet om korleis FNS verkar på bruk av lokale leverandørar vart stilt i brukarundersøkinga i 1999. Det var også ein del av mandatet for årets undersøking.

4. Andre undersøkingar

4.1 FNS-evaluering 1999

Bruk av FNS



Figur 2. Bruken av FNS i kommunal og statleg sektor, frå Ølnes (2000)

Bruken av FNS var omlag den same i statleg som i kommunal sektor. I underkant av 60% hadde brukt avtalane, og omlag 15% hadde planar om å ta avtalane i bruk.

Behovsannonsering

Behovsannonseringa var dårleg kjent både i kommunal og statleg sektor. Kjennskapen var dårlegast i kommunal sektor der berre 38 % kjende til ordninga. I statleg sektor kjende omlag halvparten til ordninga (Ølnes 2000:25):

”Sommaren 1999 innførte FNS ei obligatorisk annonsering (*behovsannonsering*) av alle innkjøp som overstig grenseverdien for direkte innkjøp. Alle innkjøp over denne verdien skal annonserast på eige elektronisk skjema på FNS-veven. Annonseringa kan også sendast på telefaks og bli lagt inn av vevansvarleg. Undersøkinga viser at det trengst ein god del meir informasjon om dette til kundane. Berre 38 % (av alle svar) er kjend med behovsannonseringa; 55 % svarer at dei ikkje er kjend med ordninga. Av dei som har brukt FNS-avtalane, opplyser 48 % at dei er kjende med behovsannonseringa medan 46 % seier dei ikkje er kjende med den.”

Bruk av lokale leverandørar


Eit viktig spørsmål, særleg i kommunal sektor, var om bruk av sentrale rammeavtalar svekkjer det lokale IKT-næringslivet. Undersøkinga viste at 17 % av FNS-brukarane i kommunal sektor meinte at bruken av lokale leverandørar hadde gått ned. I statleg sektor var dette talet lågare. Det er naturleg sidan dei fleste statlege verksemdene har tilhald i Oslo, i alle fall den sentrale delen av verksemdene som har ansvar for IKT-innkjøp. I tilrådingane frå denne undersøkinga (Ølnes 2000:8) står det:

”Problemet med sentralisering av innkjøp og gradvis mindre bruk av lokale IKT-leverandører må takast alvorleg. Undersøkinga viser at faren for ei vriding frå lokale til sentrale innkjøp er reell, og det er derfor viktig at Forvaltningsnettsamarbeidet går aktivt ut for å møte denne problemstillinga. Noko av problemet kan også skuldast manglande informasjon om kva mulegheiter Forvaltningsnettsamarbeidet gir med omsyn til bruk av lokale leverandører.”

4.2 KS si undersøking om IKT-bruk i kommunane


Kommunenens Sentralforbund (KS 2002) gjennomførte i januar 2002 ei undersøking i kommunane. Statskonsult fekk inn tre spørsmål i denne undersøkinga med relevans for FNS. Dei same spørsmåla vart nytta i spørjesjemaet til denne FNS evalueringen.

KS si undersøking i kommunesektoren januar 2002 viste at omlag 50% av kommunane i hovudsak nyttar FNS-avtalane når dei gjer IKT-innkjøp, medan 39% svarer at dei i hovudsak kjøper frå lokal leverandør.



Figur 3: Korleis kommunane i hovudsak føretek IKT-innkjøp, frå KS (2002)


Det er ulik fordeling frå landsdel til landsdel, vi refererer kun totaltala. Kva slags grunn oppgir så kommunane for ikkje å nytte FNS-avtalane?



Figur 4: Grunngevinga for ikkje å bruke FNS, frå KS (2002)

Hovudgrunnen til ikkje å nytte FNS-avtalane er at kommunane ønskjer å bruke ein lokal leverandør. Mange svarer andre grunnar. At avtalane ikkje omfattar det kommunane etterspør, at avtalane er for kompliserte, eller at avtalane er for dyre vert også oppgjeve som grunn. Dei færreste (7%) svarer at det er manglande kunnskap om avtalane som gjer at dei ikkje vert brukte.

Dei kommunane som nyttar FNS-avtalane svarer at dei gjer dette fordi avtalane gir gunstig pris, er enkle og bruke, eller fordi dei slepp EØS-utlysning når avtalane vert nytta. Berre eit fåtal svarer at lokal leverandør er ueigna eller andre grunnar.



Figur 5: Grunngeving for å bruke FNS, frå KS (2002)

Svarprosenten i denne undersøkinga er 62% (268 av 434 kommunar). Fylkeskommunane er ikkje tekne med i KS-undersøkinga.

5. Resultat

5.1 Svarprosent og utval


Spørjeskjema (sjå vedlegg 1) vart sendt ut til alle 452 kommunar og fylkeskommunar i landet og til 255 statlege verksemder; til saman 707 verksemder. I etterkant av utsendinga fekk vi tilbakemelding frå tre av dei statlege institusjonane om at dei var omorganiserte (samanslegne frå sist nyttår). Desse er difor tekne ut av undersøkinga. Endeleg utval i undersøkinga er dermed 704 verksemder, fordelt på 452 i kommunal sektor og 252 i statleg sektor.

Svarprosent etter tal verksemder:

- 65,7 % i kommunal sektor (297 av 452 kommunar og fylkeskommunar)
- 66,3 % i statleg sektor (167 av 252 verksemder)
- 65,9 % total (464 av 704 verksemder)

Det er ein auke i svarprosent i denne undersøkinga sett i høve tidlegare FNS-evalueringar:

Sidan siste brukarundersøking i FNS-samanheng (1999), har svarprosenten i kommunal sektor auka med omlag 10 prosentpoeng medan svarprosenten frå statleg sektor er om lag den same.



Figur 6: Utviklinga i svarprosent frå undersøkingane i 1997, 1998, 1999 og 2002.

Tabell 4. Svarfordeling etter storleik på kommune (ekskl. fylke)

Gruppe	Totalt	Tal svar	Svarprosent
Små kommunar (<= 150 årsverk)	159	99	62,3 %
Middels store kommunar (151 - 300 årsverk)	132	88	66,7 %
Større kommunar (> 300 årsverk)	143	92	64,3 %

Ei vanleg inndeling av kommunane etter folketalet, er kommunar med mindre enn 3 000 innbyggjarar, 3 000 – 7 000 innbyggjarar og kommunar med over 7 000 innbyggjarar. Då får

vi tre om lag like store grupper, noko som er ein fordel ved statistisk handsaming av materialet. I undersøkinga i kommunesektoren har vi brukt årsverk etter *Kommunenøkkel* 98/99 som grunnlag for inndeling etter storleik. Ei inndeling i gruppene mindre enn 150 årsverk, 150 - 300 årsverk og over 300 årsverk korresponderer med den før nemnde inndelinga etter folketal.


Samanliknar vi dette med KS si undersøking, nyttar dei ei litt anna inndeling: mindre enn 1999 innbyggjarar, 2000 – 3999, 4000 – 5999, 6000 – 9999, 10000 – 39999, og større enn 40000 innbyggjarar. For å få tal som kan samanliknast, har vi valt å gruppere kommunane slik: Mindre enn 3999 innbyggjarar, 4000 – 9999 innbyggjarar og fleire enn 10000 innbyggjarar. Ved bruk av denne inndelinga fordeler KS sin svarprosenten seg slik:

Tabell 5. Svarfordeling etter kommunestorleik i KS sin undersøking

Gruppe	Totalt	Tal svar	Svarprosent
Små kommunar (< 3999 innbyggjarar)	204	113	55,4 %
Middels store kommunar (4000 – 9999 innbyggjarar)	131	83	63,4 %
Større kommunar (>10000 innbyggjarar)	99	72	72,7 %

Samanliknar vi svarprosentane ser vi at i FNS-evalueringa har ein større del av små kommunar svart. Dette kan forklare nokre av dei skilnadene mellom KS-undersøkinga og FNS-undersøkinga.

Målgruppa for undersøkinga har vore IKT- og/eller innkjøpsansvarlege i verksemda. Svara viser at det stort sett er denne gruppa som har svart. Av respondentane har omlag 80% eit IKT-ansvar og omlag 20% ansvar for innkjøp generelt.




Figur 7: Ansvarsområdet til dei som fyller ut skjemaet

5.2 Kjennskap til og bruk av FNS

Vi har spurt om bruk av FNS-veven for å undersøke kor stor kjennskap statleg og kommunal sektor har til FNS-samarbeidet, FNS-avtalane og regelverket rundt desse. Internettsidene har etter kvart vorte den viktigaste informasjonskanalen for FNS etter at også nyheitsbrevet

utelukkande blir distribuert elektronisk. Eit anna viktig punkt er i kor stor grad dei nyttar avtalane og på kva måte dei nyttar dei. Ein indikator på dette er i kva grad respondentane besøker FNS sine heimesider på internett. Bruken av desse sidene er derfor vesentleg i forhold til kjennskapen til avtalane.




Figur 8: Har du brukt internettsidene til FNS dei siste to åra?

Meir enn 70% svarer at dei har brukt internettsidene til FNS dei siste to åra, medan 26% ikkje har brukt dei.

Av dei 26% som ikkje har brukt sidene, har 27% gjennomført kjøp over avtalane dei siste to åra (utgjer 14,5% av alle som har gjennomført kjøp over avtalane). Dette tyder på at det er viktig at FNS ikkje berre nyttar seg av Internett som kontaktkanal mot brukarane. Kva metode desse respondentane har nytta for å kome i kontakt med FNS, gir ikkje dette materialet svar på.

Av dei som har brukt internettsidene har dei fleste vore på leit etter informasjon og rettleiing om FNS, dernest er prisinformasjon og det å gjere innkjøp viktige. Juridisk rettleiing ser ut til å vere brukt av færre brukarar, dette er og rimeleg da juridisk rettleiingsinformasjon er nødvendig berre i eit fåtal tilfelle og eventuelt relativt seint i kjøpsprosessen.




Figur 9: Kva har du i så fall brukt internettsidene til? (N=dei som har brukt sidene)

Frå tekstkommentarane til spørsmålet ser ein at sidene også vert brukte til å finne informasjon om ulike leverandørar som har avtale med FNS, få tips til kravspesifikasjonar og behovsannonser og ”gjenbruk” av kravspesifikasjonar. Vidare er det interesse både for å legge inn behovsannonser og å følgje med på kva andre legg ut for å kunne samanlikne med eigen situasjon. Slik sett er det viktig at behovsannonserne er opne for alle, ikkje berre leverandørane, men også andre brukarar og potensielle brukarar.

Innkjøpsmønster

Når vi ser på korleis verksemdene i hovudsak føretekk IKT-innkjøp, er kjøp direkte av lokal eller regional leverandør mest utbreidd. Innkjøp via FNS-avtalane er det alternativet som kjem som nummer to. Det er færre som handlar direkte med sentral leverandør og berre 5% nyttar hovudsakleg egne EØS-utlysingar.




Figur 10: Korleis føretekk verksemda i hovudsak IKT-innkjøp?

Under anna er det spesifisert at ein nyttar fylkeskommunale avtalar eller andre interkommunale avtalar ved innkjøp. Andre seier at dei avhengig av storleiken på kjøpet, og tida som er tilgjengeleg, vel å nytte lokale leverandør direkte, FNS-avtalane eller eigne EØS-utlysingar. Det siste krev at dei har god tid til å gjennomføre innkjøpet.

Ser vi på tala for kommunane følgjer dei i stor grad same mønsteret som totalutvalet. Kommunane kjøper noko meir frå lokale leverandørar samstundes som fleire nyttar FNS-avtalane enn i statleg sektor. Kommunane kjøper noko mindre direkte frå sentrale leverandørar og dei nyttar seg mindre av eigne EØS-utlysingar enn det statleg sektor gjer.

Samanliknar vi verksemdene i kommunal sektor sine svar med svara frå den nyleg utførde KS-undersøkinga, viser våre tal at bruk av FNS –avtalane som viktigaste innkjøpskanal ligg 20 prosentpoeng under tilsvarende resultat i KS-undersøkinga. For innkjøp gjennom lokale leverandørar er tilhøvet omvendt mellom dei to undersøkingane. I FNS-undersøkinga er det relativt sett fleire småkommunar og færre storkommunar som har svara enn i KS undersøkinga, dette kan forklare noko av denne skilnaden.

Konkret bruk av FNS-avtalane



Figur 11: Har verksemda di gjennomført kjøp over rammeavtalane i FNS-samarbeidet?


Litt over 60% av verksemdene brukar rammeavtalane i FNS-samarbeidet. Dette er ein auke på 5 prosentpoeng i høve tala frå 1999. Prosentdelen som svarer at dei ikkje har brukt avtalane og heller ikkje har planar om dette, viser også ein liten auke frå 1999-undersøkinga. I 1999 svara 80% av verksemdene at dei brukte FNS-avtalane eller at dei hadde planar om dette i løpet av det nærmaste halvåret. At talet på dei som brukar FNS-avtalane i dag er som i 1999 kan tyde på at FNS-avtalane slik dei no føreligg har nådd 'taket' når det gjeld utbreiing. Omsettingstala for FNS (sjå tabell 2) tyder på det same.

Dei utfyllande kommentarane tildette spørsmålet viser at mange er opptatt av eigne (lokale) leverandørar, og at det eksisterer mange regionale eller interkommunale avtalar. To kommentarer som illustrerer dette er: "Har brukt FNS inntil regionalt innkjøpssamarbeid ble etablert i 2002" og "Vi har et intekommunalt innkjøpssamarbeid i Vestfold, som er det mest

brukte til innkjøpsavtaler”. Ander nyttar konseptar frå FNS, men gjer sine egne utlysingar utanfor FNS ”... *Begrunnelse: Ikke utelukke firmaer som ikke er godkjent gjennom Forvaltningsnett.*” Ein anna viktig grunn til å vurdere egne utlysingar er at fleire seier dei får betre avtalar/vilkår på eiga hand:


- ”Tenkte å gjøre innkjøp gjennom avtalen rett før jul, men fekk like gode prisar gjennom andre leverandører, samt at det var så trøblete å få informasjon fra/få tak i rette person hos leverandøren, at det ikke var hensiktsmessig å fortsette.”
- ”Vi er ikke negative til FNS, men vi har oppnådd bedre vilkår på egen hånd”
- ”Vi har samarbeid med lokal leverandør gjennom 15 år. Denne tilbyr bedre avtaler og service enn det vi kan oppnå i henhold til rammeavtaler. Det viktigste er at leverandøren har fullstendig kjennskap til kontorets nettverkløsninger/system.”

Vidare undersøkte vi kva som var hovudårsaka til at verksemdene har valt å nytte FNS-avtalane. Dei fleste svarer at grunnen er at avtalane gir gunstigare pris. At avtalane er enkle å bruke og det at verksemdene ved å bruke avtalane slepp EØS-utlysning, er også viktige grunnar til at FNS-avtalane vert nytta.



Figur 12: Kva er hovudårsaka til at verksemda har valt å nytte FNS-avtalane?


Svært få svarer at hovudårsaka er at det ikkje finst eigna lokale leverandørar eller at dette er den einaste staden dei får dei produkta som dei etterspør. Under andre grunnar er det oppgitt at spart tid er ein av årsakene. Samanliknar vi tala for kommunane med totaltala ser vi at fleire innan kommunal sektor svarer at hovudgrunnen til å nytte avtalane er at dei får gunstigare pris. Samstundes er det færre innan kommunal sektor som nyttar FNS-avtalane fordi dei då slepp EØS-utlysning. Hovudtrekka i svara er likevel stort sett samanfallande i begge sektorane. For kommunal sektor er det også samanfall med det tilsvarande spørsmålet i KS sin undersøking (sjå Figur 4).



Figur 13: Kor stor del av dei totale IKT-innkjøpa har verksemda gjort over FNS-avtalane dei siste to åra?

Kor stor del av dei totale IKT-innkjøpa har så verksemda gjort over FNS-avtalane dei siste to åra? Dette er informasjon som mange verksemdar ikkje har og som ein del av dei som svarar på dette spørsmålet har kommentert er anslag og kvalifisert gjetning. Tala viser at for 58 % av verksemdene utgjer innkjøp over FNS mindre enn halvparten av totale IKT-innkjøp, medan for 35% står innkjøp over FNS for størstedelen av samla IKT-innkjøp. Det er relativt sett fleire kommunar som gjer hovuddelen av IKT-innkjøpa over FNS enn statlege verksemdar (37% av kommunal og 29% av statleg sektor gjer over 50% av IKT innkjøpa over FNS).

Når vi undersøker nærare kvifor verksemdar ikkje vel å nytte FNS-avtalane, svarer dei fleste at det er fordi dei ønskjer å kjøpe frå lokal leverandør. Det tyder på at dei oppfattar FNS-avtalane som ein trussel mot det lokale næringslivet.




Figur 14: Kva er hovudårsaka til at verksemda ikkje har gjennomført kjøp over FNS-avtalane?

Det er også mange som angir 'andre grunnar'. Går vi vidare inn og ser kva slags grunnar dette er, svarer mange verksemdar at dei nyttar heller interkommunale avtalar eller ferdigforhandla avtalar inngått av fylkeskommunen framfor å bruke FNS-avtalane. Nokre verksemdar oppfattar FNS-avtalane som konkurransevridande i høve lokale leverandørar. At avtalane er ukjende, at dei er for dyre, eller at avtalane er for kompliserte i bruk vert framheva av nokre av dei som ikkje nyttar avtaleverket. Mangel på produkt ser ikkje ut til å vere noko viktig moment for ikkje å bruke FNS-avtalane.

Kommunane svarer om lag som totalutvalet. Ulikskapane er at fleire av kommunane seier at avtalane er for kompliserte å bruke, og at færre av kommunane svarer at prisane er for høge og at avtalane ikkje omfattar dei produkta som vert etterspurde. Her kan det vere grunn til å minne om den relative overvekta av små kommunar blant respondentane.

Ønsket om å bruke lokale leverandørar og "Andre grunnar" er dei to alternativa som dei fleste oppgir også i KS-undersøkinga. Usikkerheita her kan vere stor. "En av ti kommuner som har benyttet avtalene hevdet at de ikke kjenner dem, noe som kan indikere et informasjonsbehov [sic]". (KS 2002:25).

På spørsmål om dei verksemdene som har valt å ikkje nytte FNS-avtalane, har brukt avtalane i andre samanhengar, svarer dei aller fleste at dei ikkje har gjort det.




Figur 15: Har de brukt avtalane i andre samanhengar?

Nokre har brukt avtalane som mal i samband med innkjøp, men svært få har brukt avtalane i samband med eiga annonsering.

Behovsannonsering

Verksemdene har betre kjennskap til behovsannonsering no enn for tre år sidan. Figuren under viser kjennskapen til behovsannonsering mellom dei verksemdene som svarer at dei har nytta FNS-avtalane.



Figur 16: Er du kjend med opplegget for behovsannonsering i samband med kjøp over rammeavtalane i Forvaltningsnettsamarbeidet?

Av dei som nyttar FNS-avtalane, kjenner omlag 70% til ordninga med behovsannonsering. I 1999-undersøkinga (Ølnes 2000:25) svarte 48% av dei som brukte FNS at dei kjende til behovsannonsering. Ser vi på alle som har svara på spørsmålet, som også inkluderer dei som ikkje har brukt FNS-avtalane, seier 60% at dei har kjennskap til behovsannonsering. Tilsvarende tal for 1999 var 38%.


Sjølv om det er mange fleire som kjenner til avtalen no enn for to år sidan er det overraskande at det framleis snart tre år etter at ordninga med behovsannonsering vart innført og gjort obligatorisk, er 31% av dei som har gjort innkjøp over FNS som ikkje har kjennskap til ordninga. Dei utfyllande kommentarane kjem hovudsakleg frå dei som svarer at dei har kjennskap til avtalane og gir eit inntrykk av at det likevel er stor usikkerheit rundt ordninga med behovsannonsering. Det kjem ikkje fram i kommentarane om det er omgrepet ”behovsannonsering” som er problemet eller om det er avtalen eller regelverket om er eit problem, men dei ber om at informasjonen vert klarare og enklare. Døme på dette er: ”Jeg har inntrykk av regelverket tolkes forskjellig. Informasjonen om dette bør stå i klartekst på første side på hjemmesidene til forv.nettet. Jeg hadde problemer å finne den rette avtaleteksten!”

5.3 Lokale leverandørar

I spørjeskjemaet er det ikkje gitt nokon klar definisjon på omgrepet ”lokal leverandør” og heller ikkje i mandatet. Det vart lagt opp til den enkelte respondenten si eiga forståing av omgrepet. Svara frå brukarane viser at dei tolkar dette ulikt, og det må takast med i vurderinga.

I kapittel 5.2 har vi gjort greie for dei viktigaste IKT-innkjøpskanalane. Kjøp direkte frå lokal/regional leverandør er den mest brukte. Kor stor del av dei totale IKT-innkjøpa dei siste to åra har verksemdene så gjort hjå lokale leverandørar både innanfor og utanfor FNS-avtalane? Av svara ser det ut som at verksemdene enten brukar lokale leverandørar mykje

(omlag 30% svarer at lokale leverandørar leverer meir enn 75% av alle ikt-innkjøp), eller at dei brukar lokale leverandørar lite (omlag 25% svarer at lokale leverandørar leverer mindre enn 25% av alle ikt-innkjøp).




Figur 17: Kor stor del av dei totale IKT-innkjøpa har verksemda gjort hjå lokale leverandørar (både lev. innanfor og utanfor FNS-avtalane) dei siste to åra?

Om lag 45% av verksemdene kjøper meir enn 50% frå lokal leverandør, medan om lag 40% av verksemdene kjøper mindre enn 50% lokalt.

Endring


Har IKT-innkjøpsmønsteret i verksemda di endra seg dei to siste åra når det gjeld bruk av lokale leverandørar? 58% svarer at bruken av lokale leverandørar er som før. Det er ein nedgang sidan 1999 då 70% svarte det same.



Figur 18: Har IKT-innkjøpsmønsteret i verksemda di endra seg dei to siste åra når det gjeld bruk av lokale leverandørar?


Delen av verksemdar som meiner bruken av lokale leverandørar har gått ned, har stige frå 17% i 1999 til 25% i årets undersøking. Av dei som meinte bruk av lokale leverandørar har gått ned, meinte dei fleste at reduksjonen var i storleiksområdet 5 – 25 %.

Samanlikninga viser at det er fleire som meiner at FNS-avtalane påverkar bruken av lokale leverandørar no enn det var i 1999, og eit fleirtal av desse meiner at FNS-avtalane har negativ innverknad på bruken av lokale leverandørar.



Figur 19: Dersom endring, kor stor er endringa i bruk av lokale leverandørar?

Kva er, etter utfyllar si oppfatning, hovudårsaka til endringa i bruk av lokale leverandørar? Dei fleste som rapporterer reduksjon meiner at dette i all hovudsak er ei følgje av FNS-avtalane. 'Andre grunnar' (17%) som blir oppgitt er at ein har meir bruk av regional avtalar. Her slår det at ein manglar ein klar definisjon av lokale leverandørar ut. Det som av enkelte verksemdar vert definert som ein lokal leverandør ut frå geografisk nærleik, vert i andre verksemdar ikkje nødvendigvis definert likt, sjølv om den reelle (geografiske) avstanden er lik (sjå kommentarane i til spørsmål 7c i vedlegg 2). EØS-avtalane og ulike ferdigforhandla avtalar er også grunnar som etter brukarane sine meiningar fører til reduksjon i bruken av lokale leverandørar.



Figur 20: Kva er, etter di oppfatning, hovudårsaka til endringa i bruk av lokale leverandørar?

Når det gjeld dei som melder om auke i bruken av lokale leverandørar, svarer 10% at det er 'andre grunnar' som gjer dette. Ser vi på kommentarane til spørsmålet så er bruk av lokale rammeavtalar det som vert trekt fram. Svar frå nokre av verksemdene viser at dei meiner at FNS-avtalane, EØS-avtalane og ymse ferdigforhandla avtalar også har verka til meir bruk av lokale leverandørar.


Det er vanskeleg å forklare skilnaden i påverknad av FNS og EØS fordi argumentasjonen til begge grupper er svært lik. Dei som seier det er ein nedgang i bruk av lokal eleverandørar kommenterer at årsaka er at dei ikkje har lokale leverandørar, at leverandørane ikkje er gode nok og ikkje gir god nok pris. Vidare viser dei til effekten av e-handel (handel over internett, webshop). Dei som har auka bruken av lokale leverandørar kommenterer at det er grunna i lettare tilgang, raskare service, "på-stedet-service" og gunstigare prisar. Ei anna grunngeving kan vera at i enkelte kommunar/regionar er det lett å handla med lokale leverandørar som også er inne på FNS-avtalane, medan i andre område er det ikkje slik.

5.4 Erfaringar med FNS

Kva erfaringar har så brukarane med dei ulike delane av FNS-avtalane. Verksemdene er spurde om røynsleane med

- Oversikt over produkt og tenester
- Leverandøroversikt og kva dei leverer
- Prisoversikt
- Avtaleinnhaldet (juridiske vilkår)
- Framgangsmåten ved kjøp
- Få lagt inn behovsannonser
- Gjennomføre eit innkjøp
- Få støtte frå avtaleforvaltar

Både dei verksemdene som nyttar FNS-avtalane og dei som ikkje gjer det, vart spurde om erfaringane. Den høge "veit ikkje"-prosenten har liten samanheng med bruk av FNS avtalane. Tala viser at det er bortimot like høg "veit ikkje"-prosent i begge gruppene (dei som har brukt FNS og dei som ikkje har brukt FNS). Dette er ei problemstilling som bør utgreiast nærare.



Figur 21: Kor lett eller vanskeleg har det vore å bruke forvaltningsnettavtalane?

På spørsmåla om erfaringar med å få lagt inn behovsannonser og å få støtte frå avtaleforvaltar er det svært mange, høvesvis 50% og 70%, som har svara veit-ikkje. Når det gjeld kjennskap til behovsannonsering så er det drøfta over i kapittel 5.2. Det at få har erfaringar med støtte frå avtaleforvaltar, kan bety at tenesta er lite kjent eller at det er lite behov for ein slik teneste. Det er ikkje råd å konkludere på dette ut frå denne undersøkinga.


Kommentarer til desse spørsmålsområda kjem fram under forslag til konkrete forbetningar til FNS-avtalane i kapittel 5.5 og vedlegg 2 (spørsmål 13).

På spørsmålet om erfaringar med FNS-avtalane viser gjennomsnittsvurderinga seg å liggja mellom tre og fire på ein skala frå ein til fem.. Brukarane har altså i hovudsak meir positive enn negative erfaringar med bruk av FNS-avtalane.

Tabell 6: Kor lett eller vanskeleg har det vore å bruke FNS-avtalane?


Kategori	Gjennomsnittsvurdering 2002	Gjennomsnittsvurdering 1999
a. Oversikt over produkt og tenester	3,29	3,10
b. Leverandøroversikt og kva dei leverer	3,36	3,28
c. Prisoversikt	2,98	2,76
d. Avtaleinnhald (juridiske vilkår o.l.)	3,16	2,82
e. Framgangsmåte ved kjøp	3,52	2,98
f. Få lagt inn behovsannonse	3,69	--
g. Gjennomføre eit innkjøp	3,64	--
h. Få støtte frå avtaleforvaltar (Statskjøp)	3,25	--
Gjennomsnitt av a til e	3,26	2,99

Det er prisoversikt og oversikt over avtaleinnhald som får dei dårlegaste vurderingane av brukarane, medan det å legge inn behovsannonser og det å gjennomføre kjøp får dei beste vurderingane. Ser ein på tilsvarande tal frå 1999-undersøkinga, så var det dei same to områda som fekk dårlegast vurdering, medan dei to områda som no får best vurdering er nye sidan 1999. Gjennomsnittsverdien av dei fem sammenfallande kategoriane er i 2002 undersøkinga 3,26, medan tilsvarande gjennomsnittet i 1999 var 2,99. Det tyder på at FNS brukarane er litt betre nøgde enn i 1999.

**Figur 22: Kva er dine erfaringar med leverandørar som har avtale med FNS?****Tabell 7: Kva er dine erfaringar med leverandørar som har avtale med FNS?**

Kategori	Gjennomsnittsvurdering
...svar på behovsannonsering	3,79
...forhandlingar	3,62
...leveransar	3,74
...oppfølging av leveransar	3,65

Verksemdene har gode erfaringar med dei leverandørane som er med i FNS-samarbeidet både når det gjeld svar på behovsannonsering, forhandlingar, leveransar og oppfølging av leveransar.




Figur 23: Kva er di totalvurdering av FNS-avtalane?

Verksemdene si totalvurdering av FNS-avtalane er at avtalane fungerer godt. Berre om lag 5% meiner at avtalane fungerer mindre bra eller dårleg. Resultata er som ved undersøkinga i 1999.

5.5 Synspunkt på forbetringar og vidareføring av FNS

Dei aller fleste av dei som har gjort seg opp ei meining, svarer at FNS-avtalane bør vidareførast. Berre eit fåtal av verksemdene (4%) meiner at FNS-avtalane ikkje bør vidareførast.



Figur 24: Bør FNS-avtalane vidareførast?

Verksemdene vart så spurde om dei ville skifte meining dersom FNS-avtalane vert vidareførte i form av ei betalingsteneste, til dømes at det vart lagt på ei avgift av innkjøpsverdien. Dette var mange usikre på. Ein av grunnane til denne usikkerheita kan vere at spørsmålet vart stilt på ein slik måte at det kunne verke forvirrande på respondentane (dobbel negasjon). Av dei som har gjort seg opp ei meining, er dei fleste ikkje villege til å betale for at ei vidareføring av FNS-avtalane. Det ser ut til å vera større betalingsvilje i statleg sektor enn i kommunal sektor. Kommenterar til dette spørsmålet:

- *”Spørsmål om vidareføring i form av betalingsteneste er et spørsmål om størrelsen på avgiften.”*
- *”Kommentar til spørsmål 12 b.: FNS avtalen er ikke i posisjon for prising. Ved en slik utvikling vil videre anvendelse av avtalen være helt uaktuell. En slik utvikling vil også være meningsløs i forhold til intensjonen med FNS.”*
- *”Hvis FNS blir en betalingsteneste bør det være en form for abonnement/lisens og ikke som en avgift på kjøpet, skill heller på kommune størrelse. (antall innbyggere feks.)”*

Forslag til konkrete forbetringar av FNS-avtalane

På slutten av spørjeskjemaet opna vi for forslag til konkrete forbetringar til utvalde område innan FNS-avtalane. Under følgjer ei oppsummering av kvart av områda (sjå vedlegg 2 for ein fullstendig oversikt over kommentarar).

a) Vevtenesta generelt

Mange av kommentarane som er lagt inn her går på kor lite brukarvenleg sidene er, men der er også lovord og andre konkrete framlegg. Vevsidene til FNS-avtalane inneheld mykje informasjon, og fordi brukarane ikkje nyttar sidene så ofte er det viktig at informasjonen blir presentert enkelt, strukturert og logisk. Ein av respondentane seier *”Enklere og mer logisk. Husk vi har mange jern i ilden”*. Andre kommentarar inneheld karakteristikkar som *“uoversikteleg”, “tungvind”* og *“for tung å bruke”*. Forslag til forbetringar er mellom anna:

- enklare tidlegare, raskare og lettare tilgjengeleg informasjon
- meir logisk struktur
- betre søkemuligheit
- meir direkte tilgang til informasjon frå startside
- færre trinn for å finne informasjon
- færre og meir eintydige val
- kvalitetssikring av lenker
- informasjonsstrukturen må forbeistrast
- meir fokus på handelen som skal føregå over avtalane

Det siste punktet er spesielt viktig for dei brukarane som sjeldan nyttar tenesta. Uttalar som støttar dette synet er *”Ehandel må innføres for alle avtalekunder”* og *”Etablere den meir som ein nettbutikk. Eks. komplett.no, psdata.no o.l.”*. Det blir også etterlyst integrasjon mellom FNS og den nye elektroniske marknadsplassen for offentlege innkjøp.

Ein respondent etterlyser praktiske eksempel på bruk av avtalane spesielt i forhold til små verksemdar. Ein frå kommunal sektor kommenterer *”Stort verktøy for en liten kommune som kjøper en maskin el.l. i ny og ne”*. Medan ein frå statleg sektor kommenterer *”Har litt*

problemer med å forstå hensikten da en like gjerne effektivt kan bruke egne utlysninger eller bruke markedet som allerede finnes på internett.” Desse kommentarane illustrerer noko av skilnadane og behova i målgruppa for FNS.

På den positive sida vil vi trekke fram denne kommentaren *“Har vorte betre enn tidlegare, men kan fortsatt bli endå meir strukturert og oversikteleg”*. Andre karakteristikkar: *“blitt bedre”*, *“fungerer bra”*, *“god og oversikteleg”* og *“Sidestrukturen synest god og oversiktleg, tilstrekkeleg avmålt (ikkje overlessa med objekt)”*. Fordelingen av kommentarar langs ein positiv – negativ akse viser at det framleis er ein del forbetringar som vil kunne gjerast for å få ein meir brukarvenleg og informativ presentasjon av FNS-avtalane.

Vi opplevde sjølve noko av forvirringa med informasjonen er at avtaleområdene presenteres på ulikt vis på ulike deler av FNS veven. Då vi forsøkte å orientere oss på FNS sitt tilbod, fann vi tre ulike beskrivelsar av avtaleområda: Eit med tre avtaleområde, eit med fire og eit med fem avtaleområde.

- <http://www.forvaltningsnett.dep.no/ikv/produkter/> lister tre avtaleområde: Nett; Telefoni; og Data
- <http://www.forvaltningsnett.dep.no/ikv/avtaleomrader/> lister fire avtaleområde: Nett- og verdidøkjende tenester; Telefoniprodukter og supplerende tenester; Dataprodukter og supplerende tenester; og Elektronisk datautveksling (EDI/KOSTRA)
- <http://www.forvaltningsnett.dep.no/ikv/leverandorer/> lister fem avtaleområde: Nett; Telefoni; Dataprodukter; DS/TTP; og EDI.

Eit forslag er at FNS gjennomfører ein strukturert brukartest for å få eit betre bilete av brukarvennlegheit og å avdekka problem med tenesta.

b) Oversikt over produkt og tenester

Det som vert trekt fram her, er delvis relevant i forhold til FNS-avtalane og delvis i forhold til leverandørane som har avtale med FNS. Først nokre generelle kommentarar som går på presentasjon av informasjon. To av kommentarane går på å finne fram til produkt og tenester og begge går i same retning *“Litt tydelegare - raskare å finne fram. Då vil oversikten bli betre”* og *“OK, når du finner frem”*. Begge kommentarane gir inntrykk av at det kan vere vanskeleg å finne informasjonen, men når ein så finn den, synes desse respondentane at det fungerer bra. Andre kommentarar om same tema er *“lettare tilgjengeleg”*, *“brukbar”*, *“enklare og meir logisk”* og *“enkelt og raskt å fatte”*.

Forslag som går meir på sjølve tenesta, går delvis på presentasjon; *“Bedre oversikt over hvilke tjenesteområder som er dekket av FNS-avtalene”*. Og på oppdeling av teneste og produktområder: *“Inndelt i for snevre produkt- og tjenesteområder”* og *“Mer nøyaktig opplisting av hvilke tenester som tilbys”*. Ei teneste fleire etterlyser er at det må bli enklare å samanlikna produkt og tenester på tvers av leverandørar gjennom *“standardiserte produkt-ark”* og *“samanlikningstabellar”*. Eit anna minus fleire trekker fram, er at det er for få leverandørar, og at eventuelle underleverandørar er usynlege.

c) Prisoversikt

Forslag til konkrete forbetringar når det gjeld prisoversikt spriker ein del. Tre utsegn som kan illustrere dette er *“Kutt ut prising, her gjør innkjøperne en bedre jobb alikevel?”*, *“Elendig*

leverandørene bør strammes opp” og ”Finnes jo ikke. Det hadde vært interessant med en prisbørs tilsvarende løsninger vi finner andre steder i verden, men det ville jo koste mye å vedlikeholde noen slikt.”

Respondentane kommenterer at prisoversiktane er vanskeleg tilgjengeleg, eit problem som er knytt til bruken av passord. Problemet er at når kvar leverandør krev at brukaren registrerer seg og får tildelt eit passord for å få tilgang til prisinformasjonen, vert det eit problem å halde greie på dei ulike identane. Forslaga som kjem fram er at enten må prisoversiktane vere direkte tilgjengelege på FNS (med eller utan passord er ikkje spesifisert), eller at det er ei samordning av passord frå FNS mot leverandørane. Det vil seie at brukaren registrerer seg ein gong på FNS og at brukarnamn og passord som vert tildelt der også vil gjelde på leverandørane sine system/tenestene, eller at alle FNS brukarar har eit felles brukarnamn/passord som kan nyttast for å få tilgang til prisinformasjonen.

Det er kanskje spesielt vanskeleg for små verksemdar å finne fram til prisinformasjon. Dei nyttar desse tenestene relativt sjeldan og gjennomfører ofte berre mindre innkjøp av “ein pc i ny og ne”. Passord-problematikken vert og større når ein ikkje er ein jamnleg brukar. Samtidig vil prisane variere heile tida slik at presentasjon av oppdaterte prisar er ei utfordring. Her kan det vere konkurransemessige omsyn å ta i forhold til leverandørane, men omsynet til brukarane bør vega tyngst her.

Om leverandørane sin presentasjon av tilboda, kjem desse kommentarane: *”Leverandørane må verte flinkare å presentere sine produkt og tenester”*. Enkelte vil heller ha ein samla prisoversikt på FNS-veven (ein prisbørs) enn at kvar leverandør presenterer sine tilbod.

Prisinformasjon er også den tenesta som skårar lågast (gjennomsnittsvurdering er 2,98 på skalaen frå 1 til 5, sjå tabell 6 og figur 21). Dette er difor eit område der det er potensiale for forbetring. Dette stemmer også med resultatane frå 1999. Forslaga som kjem fram i dette spørsmålet, kan derfor vere eit utgangspunkt for slike forbetringar.

d) Avtaleinnhaldet

Det kom fram få forslag til konkrete forbetringar når det gjeld avtaleinnhaldet, vi vil derfor ta med dei kommentarane som er relevante her (alle kommentarar finst i vedlegg 2).

- *”Bør være noe mer nyansert i forhold til type avtaler - Særlig vedlikeholdsavtaler som ikke er knyttet til konkrete kjøp fra samme leverandør savnes”*
- *”Blir gjerne noe byråkratisk”*
- *”Bør få svært gode avtaler, slik at det ikke er mulig å få adskillig bedre betingelser ved å forhandle direkte. Avtalene umulig å få tak i, vet derfor ikke alle betingelsene de inneholder”*
- *”For få leverandører er godkjente”*
- *”En utvidelse av avtaledelen når det gjelder tjenester. Avtalene i dag bærer preg av og regulerer kjøp av produkter, mens regulering av mislighold og sanksjoner i forhold til tjenester bør utvides.”*
- *”Bør bli lettere å forstå”*
- *”Avtalene egner seg ikke for IKT-innkjøp. Vi oppnår langt bedre pris ved forhandling med leverandører som ikke er FNS-lev. (20% forskjell)”*

Viktige ting å ta med seg frå desse kommentarane er forholdet mellom avtalepris og det at verksemdene får betre prisar ved å gå utanom FNS avtalane. Dette eit varsku om at avtaleinnhaldet ikkje er godt nok.

e) Behovsannonseringa

Det er ikkje kome mange konkrete forslag til forbetringar. Fleire kommenterer at det *"fungerer bra"*, *"OK"* og *"Veldig bra!"*.

Det finst også motstridande kommentarar, som igjen illustrerer variasjonen i målgruppa:

- *"At en ikke lenger kan se aktive annonser, og må oppgi brukernavn og passord for å se egne utlysninger har gjort tjenesten et hakk mindre oppdatert og brukervennlig. På den annen side slipper vi tilbudene fra leverandører utenfor FNS."*
- *"Bør vera meir lukka. Sjølv om me kan sjå vekk frå tilbod frå leverandørar som ikkje er på avtalen, så tek det likevel tid å luka desse ut av bunken med innkomne tilbod. Epost-adresser vert også "snappa opp" og misburkt av leverandørar som ikkje er på avtalen"*.

Ein kommentar som også nemnt på andre punkt i skjemaet, er at enkelte leverandørar ikkje er flinke til å gi tilbakemelding. I denne samanhengen er betre assistanse etterlyst. Frå spørsmålet om kor lett eller vanskeleg det er å bruke forvaltningsnett-avtalane har halvparten av respondentane svart veit ikkje det kan tyde på to ting, enten at dei ikkje er klar over denne støttefunksjonen eller at dei ikkje har hatt behov for denne typen teneste og derfor ikkje er i stand til å vurdere den. Behovsannonsering er den er den tenesta som fekk best gjennomsnittsskår, 3,69 på skalaen frå 1 til 5 (sjå tabell 6), også erfaringane med leverandørane i forhold til å svare på behovsannonser er god 3,79 på ein skala frå 1 til 5 (sjå tabell 7).

f) Gjennomføring av innkjøp

Ser vi på gjennomsnittsverdien, er gjennomføring av innkjøp den tenesta som skårar nest best (3,64 på skalaen frå 1 til 5, tabell 6). Det er berre ein kritisk kommentar til dette punktet: *"Det me eventulest sparer i kroner og øre på konkrete ("daglege") innkjøp ved å leggja ut ei behovsannonsering tapar me fort i form av arbeidstimar. Ser likevel ein stor gevinst i forhold til EØS-reglementet; dvs. større innkjøp."*

Denne knyter seg opp til tidlegare kommentarar som også viser at FNS-avtalane er kompliserte for små verksemdar. Dei brukar mykje tid fordi dei ikkje nyttar tenesta så ofte og dei må gjerne lære på nytt kvar gong.

Framlegg til forbetringar:

- *"Trinnvis oversikt over innkjøpsprosessen, gjerne avhengig av størrelse på innkjøpet."*
- *"Utarbeiding av enklare standardkontrakter."*
- *"Analyseskjem. Matriser for å sette opp samanlikning av utstyr og priser. Nøytral rådgeving om val av leverandør."*
- *"Bedre integrasjon med E-handls løysningar. (Statlige prtalen). Flere leverandører tilgjengelig"*
- *"Oppfølging av ordre via web, eks Eterra"*

- *”Etablere den meir som ein nettbutikk. Eks. komlett.no, psdata.no o.l.”*
- *”Kanskje Statskjøp kan hjelpe oss med denne type arbeid?”*

Erfaringa med leverandørane i forhold forhandlingar, leveranse og oppfølging er også relativt god, gjennomsnittsverdien er 3,67 (sjå tabell 7).

g) Støtte frå avtaleforvaltar (Statskjøp)

På spørsmål om støtte frå avtaleforvaltar er det 69% som har svara ”veit ikkje”. Det er altså berre 31% som har ei formeining om den tenesta som er tilbydd. Gjennomsnittsskåren er 3,26. Grunnen til den høge ”veit ikkje”-prosenten kan vere at respondentane ikkje har hatt behov for brukarstøtte i samband med FNS-avtalane, men den kan også vere at støtteapparatet er dårleg kjent. På bakgrunn av denne undersøkinga kan vi ikkje fastslå kva som er den nøyaktige grunnen.

Ein av respondentane kjem med denne kommentaren *”Har opplevd at leverandør på FNS har holdt tilbake informasjon om fremforhandlede goder i FNS-avtalen. Tok dette opp med Statskjøp uten at det fikk konsekvenser for den aktuelle leverandøren.”* Det er viktig at brukarane veit kva som er å forvente når dei rapporterer inn denne typen problem. Kanskje dette er ting som bør klarare takast med i avtalane. Ein anna respondent kjem med denne uttalen *”Tja. Hvor bra kjenner egentlig Statskjøp kundene? På hvilket ”parti” står Statskjøp? Forstår de oss? Eller er de *kun* EØS sin forlengede arm? Alle kunder ønsker økonomisk optimalisering av IT-investeringer; men ikke sektor-for-sektor, derimot totaløkonomi”*. Andre har positive erfaringar *”Rask tilbakemelding og gode og utfyllende svar og veiledning i avtaleverket.”*

Dei to konkrete framlegga som respondentane gir er begge knytt til korleis ein kan organisere denne aktiviteten: *”Det må lagast ein ”help-desk” eller førstelinjetjeneste som kan rute vidare spørsmål og problemstillingar til rett kompetanse i Statskjøp.”* og *”Her kan FAQ-tenkingen utnyttes mer kreativt. Husk på at statens innkjøpsregler nå er så komplisert og ressurskrevende at vinningen går opp i spinningen.”*

h) Andre forslag

Dette avsnittet omfattar kommentarar og konkrete forslag som spenner vidt, men kan grupperast i to hovuddelar: Ein knytt til FNS generelt og ein knytt til leverandørar.

Ein del respondentar etterlyser meir informasjon om FNS samarbeidet og opplæring i bruk av avtalane. To respondentar som kan vere representative for dette synet er:

”Dei bør vere meir synlege. Eg har jobba i stillinga som økonomisjef og har innkjøpsansvar (avtale inngåing. Først nå har eg fått info om at det finnes eigen avtale for IKT materiell”

og

”Også sende ut informasjon om sidene og hva de inneholder. Mange er ikke klar over at de eksisterer.” *”Regelverket må komme bedre frem!”*

Sjølv om det i tidlege fasar av FNS var eit omfattande informasjonsarbeid viser desse kommentarane at ein framleis ikkje har nådd fram til alle.

I forhold til leverandørane er det spesielt utvalsspekteret det vert fokusert på både i forhold til leverandørar og produkt og tenester. Nokre sitat som illustrerer dette, er:

- *"Den sentrale anbudsnemnda bør ikke sette så strenge krav til leverandørene for prekvalifisering slik som det var ved siste anbudsrunde. Det er for få tilbydere med i gjeldende avtaleperiode. De sentrale anbyderne bør føre opp hvilke lokale samarbeidspartnere de tar sikte på å benytte."*
- *"FNS-avtalene har gått i retning av at det har blitt stadig vanskeligere å komme med som leverandør dersom man ikke kan levere over hele landet. Lokale leverandører har blitt disfavorisert. Dette problemet må vurderes nærmere dersom FNS skal få større utbredelse, evt. unngå at utbredelsen avtar"*
- *"Det bør gis mulighet for mindre bedrifter å være med uten å forplikte seg til å levere over hele landet."*
- *"Burde gjort en større jobb i forhold til ny lisensiering fra MS, videreformidling av offentliges synspunkt i forhold til endringen."*
- *"Alt innen IKT bør kunne anskaffes gjennom FNS."*

At lokale/mindre leverandørar ikkje får delta på lik linje med andre, vert teke opp av mange. Det er særleg tre tilhøve det vert fokusert på; FNS og pris; FNS og service/støtte og FNS og små leverandørar.

FNS og pris; Informasjon om skilnaden mellom FNS prisar og andre prisar må kome klart fram. Ein respondent seier: *"Prisene i FNS avtalen er for DYRE i visse henseender, og følger ikke med i tiden.... I tillegg så har leverandørene i henhold til avtaleteksten for mange smutthull."* Denne typen kommentar har kome opp fleire stader i undersøkinga.

FNS og service/støtte; For mange er ikkje avtalane så viktige og når pris og støtte tenester heller ikkje tilfredsstiller brukaren så når ikkje FNS sin målsetting, tre sitat som illustrerer dette er:

- *"I siste åra har dert berre våre "småkjøp". Vår leverandør handterer dette bra. Vi stoler på han. Stikkprøver av priser frå andre leverandører tilseier at vi kan stole på denne leverandøren. Statskjøp er ikkje blitt kontakta. Eg har ikkje blitt direkte kontakta frå dei."*
- *"Alt OK inntil du får levert en "mandagsmaskin" av en PC som det er noe feil ved. Da kan det ta lang tid før det blir fikset. Synes det er rart - vi har kjøpt en vare som ikke virker godt nok, har vi ikke da krav på å bytte den?"*
- *"Pris på et produkt er isolert sett helt uinteressant. Det avgjørende for små kommuner med meget begrensede midler avsatt til IKT, er leverandørens service/kunnskapsnivå."*

Skal FNS vidareførast er det viktig at leverandørane forstår sitt ansvar i forhold til å følgje opp kundane, uavhengig av geografi og storleiken på kjøpet. Det er også viktig at Statskjøp som avtaleforvaltar kan tre støttande inn i forhold til kundar av FNS avtalane. Kommentrarar som omfattar Statskjøp sin rolle tyder på at dei er svært usynlege i dette samarbeidet.

FNS og små leverandørar: Dette er eit punkt som mange tek opp. Det omfattar både talet på og utvalet av leverandørar. Eit utval sitat:

"Større mangfald av produkter/leverandører"

"Få bedre samarbeid med og nytte dei lokale leverandørane"

"Kriteriene må endres slik at man får flere leverandører inn på FNS."

Nokre av respondentane ser på måten leverandørar blir valde ut på, altså kriteria som vert stilte til leverandørar, går i disfavør av små, lokale leverandørar. Ein anna måte å sjå det på er som denne respondenten seier:

”generelt bør det (FNS) vidrerføres på en slik måte at det kommer med leverandører som er så pass små at vi som er små kunder får en reell størrelse hos leverandøren. I tillegg er forenkling et veldig stort stikkord, innkjøp tar alt for mye tid, spesielt med tanke på alt med terskelverdier, markedsoversikt, regelverk osv. Vi kaster bort mye tid på dill når det ofte koker ned til at ikke er særlig reell forskjell på produktene og prisene.”

Andre forslag

På spørsmål om respondentane hadde andre forslag eller synspunkt som ikkje er komne fram elles i skjemaet, kom det inn ei rekkje med kommentarar som i stor grad er sammenfallande med tidlegare spørsmål spesielt forrige avsnitt. Desse er gjengitt i Vedlegg 2. Vi vil gjerne løfte fram nokre kommentarar:

Dei neste kommentarane illustrerer ei vanleg oppfatning av at FNS-avtalane helst er for dei store. Her har FNS eit informasjonsproblem.

- *”Det er ikke praktisk for oss i de ytre utkantene å bruke slike sentrale avtaleverk, de de blir for omfattende. Men vi kan se gevinsten for storkommuner i sentrale strøk.”*
- *”Det er et bra tiltak, men mye større enn det vår kommune trenger. Liten kommune 3.100 innb.”*
- *”Jeg oppfatter FNS som en ”storinnkjøpsavtale” - mulig det er feil, informasjonen er muligens god nok, men vår tid til å sette oss inn i den for dårlig.”*

Kommentarane under illustrerer problemet med å forstå innkjøpsreglementet:

- *”FNS-avtalen er kun insteressant så lenge vi har denne nasjonale 200000-grensen i forskrift om offentlige anskaffelser”*
- *”Det er noe forvirrende, tror jeg, hvordan FNS foreholder seg til den nye loven om offentlige innkjøp. Savner informasjon om det.”*

Kommentaren under peikar på behov for integrasjon mellom FNS og andre rammeavtalar

- *”Flere institusjoner som forsvar og politi har egne avtaler mot sine leverandører. Skal man benytte FNS, bør man etterstrebe enten å inkludere disse leverandørene eller forsøke å få institusjonene til å velge FNS-leverandører. Det hjelper ikke om det finnes FNS-lev. på en artikkel, når institusjonen har en avtale man ønsker å følge med andre lev.”*

Andre kommentarar det er grunn til å trekke fram:

- *”Avtalen må ikke inneholde klausuler om at leverandørene ikke kan gi bedre priser enn det som ligger på FNS-avtalene.”*
- *”Koplingen mellom innkjøpsprisnivå produkter og kunnskapsnivå/sevice synes fraværende. (Ikke uvanlig opplevelse i kommuner at masse tid og krefter brukes på å spare 2000 kr ved kjøp)”*
- *”Forvaltningsnett kan virke monopoliserende. Det bør jobbes med åp gjøre det mulig for lokale leverandører å kunne konkurrere om oppdrag på linje med godkjente FNS-leverandører. Jfr. kommentar til pkt. 4.”*
- *”Systemet med at avtalepartner kan gi andre firma tilgang til å selje produkt over avtalen bør ryddast opp i, slik at kundane får eit sikrere forhaold til FNS avtalen.”*
- *”Det er flott å slippe anbud og protokoller!!!”*

- *"... har generelt dårlig erfaring med å handle IT-produkter "på postordre". Kompetanse lokalt kan bare bygges opp ved å bruke kompetansen. Det ligger f.eks. store kostnader i at høyt lønnet personale skal pakke ut utstyr, pakke inn utstyr og få det sendt ved feil, gjøre diagnose, vente på utstyr ved feil m.v. Lokale leverandører fikser dette for høgskolen."*
- *"Det er jo slik at en bør alltid kjøpe av den leverandøren/gjennom den avtalen som gir mest kvalitet pr krone. Noen ganger er det best å ta gjennom statsavtalen, andre ganger kan vi få bedre priser utenfor. For meg kunne det kanskje vært OK å fått en skriftlig oversikt over hvilke produkter det er framforhandlet en avtale om, og hvilke leverandører som for levere gjennom avtalen."*
- *"Kommentar: Jeg synes det er veldig bra at vi har FNS-avtaler selv om jeg bare handler fra lokal leverandør. Jeg ønsker meg litt enklere info om hvordan avtalene brukes, gjerne punkt for punkt. Innkjøp er vanskelig, spesielt for oss som bare har det som en liten del av jobben. Derfor er mitt råd at FNS-avtalene videreføres, men mer info og gjerne oppskrifter på innkjøp ut til oss brukere."*
- *"Avtale perioden bør være lengre, slik at man får langvarige forhold med en eller flere leverandører, og har i større grad enn nå muligheter til å standardisere på produkter... Press prisene mer... Staten er en såpass stor kunde at det bør være mulig for leverandører å gå ned i pris... Jeg vet om flere mindre firmaer i Norge som har MYE bedre priser enn det staten har via FNS avtalen.... Dette bør ikke være mulig."*
- *"Valg av leverandører til FNS virker noe tilfeldig, eller KANSKJE uheldig begrensende. På den andre siden er det begrensingen som gjør at det fungerer så greit...forutsatt at ønsket leverandører har kommet seg inn..."*

6. Oppsummering og tilrådingar

Vestlandsforskning fekk i oppdrag frå Statskonsult å føreta ei brukarundersøking av Forvaltningsnettsamarbeidet (FNS) i januar 2002. I samarbeid med oppdragsgivar vart det valt å gjennomføre undersøkinga utelukkande ved hjelp av eit elektronisk spørjeskjema. Grunnen var kort tidsfrist og difor vart det også lagt stor vekt på å utarbeide eit kort spørjeskjema. Brukarundersøkinga er ein del av ei større FNS-evaluering. Under er ei oppsummering av dei viktigaste resultat frå undersøkinga.

Svarprosent og samanlikning med KS-undersøkinga

Erfaringa frå denne undersøkinga med bruk av elektroniske media (e-post, vevbasert skjema), få spørsmål og tett oppfølging undervegs er positiv og har gitt oss relativt høg svarprosent. I forhold til KS-undersøkinga i januar 2002 har vi relativt sett fleire svar frå små kommunar. Det kan vere ei forklaring på ulike svar på likelydande spørsmål. På spørsmålet om korleis verksemda i hovudsak føretek IKT-innkjøp, viser KS-undersøkinga at kjøp over FNS-avtalane er viktigast, medan vår undersøking viser at lokale innkjøp er viktigast. På dei to andre nær likelydande spørsmåla, var resultatane nokså like.

Bruk av FNS-avtalane

Undersøkinga viser at bruken av FNS er på same nivå som i 1999, både omsetningsmessig og i talet på verksemdar. 1999-undersøkinga indikerte vekst i bruken av FNS til 80% av utvalet, men det har ikkje skjedd. Fråfallet av tidlegare FNS-brukarar er lite, men på den andre sida har det heller ikkje kome til mange nye brukarar sidan 1999. Ei forklaring kan vere at aktiviteten rundt FNS er låg samanlikna med det den var i prosjektperioden (fram til 1.1.2000), og at marknadsføringa såleis har vore dårlegare dei to siste åra. Ein del kommentarar og informasjon gjennom oppfølging/purring tyder på at FNS framleis er dårleg kjent blant dei minste verksemdene.

Hovudgrunnen for å nytte FNS-avtalane er gunstigare pris. Andre viktige grunnar er at FNS-avtalane er enkle å bruke og at ein slepp EØS-utlysing. FNS-innkjøpa utgjør mindre enn halvparten av samla IKT-innkjøp for fleirtalet av verksemdene.

Lokale leverandørar

Nedgangen i bruken av lokale leverandørar er forsterka sidan 1999. I undersøkinga for to år sidan meinte 17% at bruken av lokale leverandørar hadde gått ned. I årets undersøking har dette talet stige til 25%. FNS-avtalane får hovudansvaret for dette. Kommentarene viser at dette er eit tema som opptek mange av respondentane.

